

Høyringsfråsegn i konsesjonssak *Vassuttak og regulering av Storavatnet - Erko Settefisk AS* saksnr 200702715

Erko Settefisk AS har søkt konsesjon for regulering og uttak av vatn frå Storavatnet i Sagvåg i Stord kommune. På eit allmannamøte i Sagvåg den 10.09.2013 kunngjorde Erko Settefisk AS at vassuttaket berre vil gi ei endring i Storavatnet på maks 0,5 meter. Vidare i søknaden kjem det fram at dei skal demme opp vatnet med 0,5 meter, samt legge vatnet i røyr som skal leggjast i vågen frå elveuttak og bort til anlegg. Det blir også skriva i søknaden at anlegget skal bruka kombinasjon av resirkulering og gjennomstrømming. Ut i frå innhaldet i konsesjonssøknaden, vil eg påpeike at denne er mangelfull i sin framstilling.

Den nyaste teknologien innan smoltanlegg er Recirculating Aquaculture Systems (RAS) som er lukka system som resirkulerer vatnet utan å bruke nemneverdig meir vatn enn fyrstegongs oppfylling. RAS inneheld teknologi som gir det beste miljømessige hygienen for anlegget, og gir eit generelt meir miljøvennleg og sikrare anlegg¹. Det er vist gjennom forskning at RAS har mange fordeler framfor tradisjonelle gjennomstrømningsanlegg mellom anna meir bærekraftig og auka velferd for fisken ved å gi betre kontroll og stabilitet på tilhøva i fisketankane. Vidare reduserer det behovet for vatn, samt gjer det enklare å oppfylle strenge utslippslover². Det negative med dette er kostnadane ved å starta opp eit slikt anlegg, men dette er fyrst og fremst av betydning for mindre anlegg. Erko Settefisk AS har konsesjon for 5 millionar settefisk som reknast som eit høveleg stort anlegg, dermed vil ikkje ein slik investering i teknologi vera så stor i høve til utnyttingspotensialet samanlikna med eit lite anlegg. Vidare vil nytting av ein slik teknologi ikkje krevje uttak og vassregulering av Storavatnet og dermed unødvendig inngrep i naturen.

Det vert også i søknaden skildra at dei vil etablere ein 0,5 meter høg reguleringsterskel ved utløpet av Storavatnet med *mulighet* for minstevannføring til utløpselva (sjå søknad s. 9). Ved å demme opp vil det som logisk konsekvens verte mindre vatn i utløpselva som igjen vil få fleire konsekvensar. For det fyrste, søkjaren skriv at dei ikkje finn bevis for at elva er på lista over laksefjordar eller laksevasdrag. Likevel er det kjent blant innbyggjarane i Sagvåg og Stord at laks kjem seg opp denne elva. Stord Jeger og Fiskeforening har i dette vatnet fiska om lag 800 kilo i året i ei årrekkje. Erko Settefisk refererer til ein rapport skriven av Urdal og Johnsen i 2002 der dei skriv at det ikkje vart funnet sjøfisk som har vandra opp elva, Urdal og Jonsen jobbar derimot i Rådgivende Biologer AS som er hyra inn av Erko Settefisk AS og ein kan soleis stille spørsmål til truverde/habiliteten bak denne rapporten. Eg ber innstendig om at NVE krev ein uavhengig rapport på dette temaet. For det andre er elva frå Storavatnet og ned i Sagvåg eit kulturminne då det har vore sagbruksdrift i elva sidan 1500-talet. Området er verna som spesialområde etter plan – og bygningslova. Søkjaren beskriv i søknaden korleis dei skal legge leidningane i grøft parallelt med utløpselva. Området rundt elva er stort sett berg eller bustadhus/hus knyta til kulturminnet. For å kunne legge røyr i grøft må difor søkjar nytta metodar som sprenging. Dermed vil det bli store irreversible inngrep i sårbar og kulturverneverdige område. Dette må ytterlegare konsekvensutgreiast. For det tredje, det vart for ein del år sidan utbygd ein molo ved innløpet til Sagvåg, nærare lokalisert på eigendomen som Erko Settefisk AS skal

¹ Ref <http://recirculatingaquaculturesystem.net/> dato: 01.10.2013

² Ref <http://www.nofima.no/en/prosjekt/7453303967323605961> dato: 01.10.2013

nytta seg av til settefisknæringa. Denne moloen vart bygga mykje lengre ut i innløpet enn kva som vart formelt godkjent³. Resultatet av dette er dårlegare gjennomstrømming av vatn i Sagvåg. I følge EU sitt avløpsdirektiv/vanndirektiv kan vassmasse delast inn i *følsomme* og *mindre følsomme* områder. Vassmasse kan bli registrert som eit følsomt område dersom den fell innunder ein av følgjande grupper: «*elvemunninger, viker og andre kystfarvann som har dårleg vannutskifting, eller som mottar store mengder næringsstoffer*» (for ref sjå fotnote)⁴. Denne definisjonen passar vassmassane i Sagvåg i minst to av gruppene, og eg oppmodar difor om at denne definisjonen vert tatt i bruk når søknaden skal vurderast. I og med at vassmassane i Sagvåg har dårlegare sirkulasjon er vatnet som kjem ned i elva frå Storavatnet svært viktig for sirkulering av vatn inne i vågen. Dersom elva vert lagt i røyr eller vassdraget redusert vil dette trua naturleg utskifting av vatn i vågen.

Inni Sagvåg ligg gamle skipsverft mellom anna Ottesen Skipsbyggeri AS som saman med andre industrier som skipshandel og Stordø Kisgruber i si tid forureina sjøbotnen i Sagvåg. Innbyggjarar i Sagvåg har derimot vitna ei oppblomstring av liv i vågen dei siste 10-15 åra. Målingar av sjøkvalitet⁵ i Sagvåg dei siste 4-5 åra har vist seg å vera særst gode, og innbyggjarar har no kunna nytta badeplassar i Sagvåg att etter lengre tid med uvisse. Dette tydar på at slam med farlege miljøgifter på sjøbotnen i Sagvåg er blitt lagt «lokk» på av nytt material som igjen vernar vasskvalitet og sjølivet. Dersom Erko Settefisk AS får legge ned røyra (i den storleiken som dei skildrar i søknaden) vil dette medføre overhengande fare for å øydeleggja og gramsa opp sjøbotnen slik at disse farlege miljøgiftene vil komma til overflata på sjøbotnen og gje store utslepp av miljøgifter som atter ein gong vil forureina Sagvåg. Konsekvensen for dette vil verta at livet i vågen atter ein gong vil døye ut og badeplassar ikkje lenger kan nyttast. Eg ber difor NVE grundig vurdere risiko for store miljømessige konsekvensar om det vert godkjent å leggja røyr på strekninga frå Storavatnet til Grunnvåggen og anlegget.

Til sist skriv søkjaren at det er registrert tre freda forminner sør for anlegget. Det søkjaren derimot ikkje nemner i søknaden er eit fjerde kulturminne som er registrert i Askeladdens database og som ligg på sjøbotnen ved Holmen i Sagvåg⁶. Dette er registrert som arkeologisk minne i form av skipsfunn. Skipsfunnet ligg der Erko Settefisk AS planlegg og leggje vassrøyra. Vernestatus på dette kulturminnet er uavklart, og NVE bør difor ta med i si vurdering om kor vidt Erko Settefisk AS skal kunne leggje røyr og slik potensielt øydelegge eit kulturminne der vernestatusen enno ikkje er avklart (sjå biletet for lokalitet av kulturminnet).

Den einaste positive verknaden som søkjaren skriv om i søknaden er nye arbeidsplassar. Erko Settefisk AS vil derimot berre generere 2-5 nye arbeidsplassar i ei bygd på ca 5000 innbyggjarar. Til samanlikning gir matvarebutikken KIWI i Sagvåg minst det dobbelte av



³ Papir frå denne saka er søkt om å få innsyn i hos Stord kommune, men kommunen påstår at det ikkje finst skriftleg material frå denne saka.

⁴ Ref http://www.fhl.no/getfile.php/DOKUMENTER/FMN_kravrensing.pdf 01.10.2013

⁵ Private målingar tatt dei siste 4-5 åra som er blitt levert inn til bl.a. mattilsynet

⁶ Lokalitetsid: 114425

arbeidsplassar. Denne positive verknaden som Erko Settefisk AS skriver om er difor svinnande liten og veg ikkje opp for alle dei negative konsekvensane av ein slik konsesjon.

Eg oppmodar difor NVE til ikkje å godkjenne denne søknaden.

Vennleg helsing



Kari Einarsen